



Statsforvaltaren i Vestland

Vår dato:

02.10.2025

Vår ref:

2025/5504

Dykkar dato:

20.08.2025

Dykkar ref:

202506002

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon

Eyvin Søltnæs, 5764 3135

Fråsegn - konsesjonspliktvrdering - Insteelvane kraftverk - Bremanger

Statsforvaltaren vurderer at eit Insteelvane kraftverk, basert på eksisterande utbygging, ikkje vil føre til ulemper for naturmiljø og friluftsliv i så stor grad at vi vil rå frå å gi konsesjonsfritak.

Vi viser til høyringa av førespurnad/melding frå Firdakraft AS om vurdering av konsesjonsplikt for Insteelvane krafterk, som vil vere eit O/U-prosjekt i eit allereie regulert vassdrag.

Om tiltaket

Insteelva og Kringsjøvatnet blei overført til Bjørndalsvatnet på 1960-talet gjennom ein felles overføringstunnel. Fallet frå inntaket i Insteelva til Store Øksendalsvatnet er no planlagt å utnytte gjennom bygginga av Insteelvane kraftverk. Det er planlagt å etablere ny sperredam (maks høgde 2 m og lengde 70) nedstraums inntaket. Ny vassveg skal gå i røyrgate i eksisterande veg frå overføringstunnelen aust for dammen ved Bjørndalsvatnet. Kraftstasjonen er planlagt like ved eksisterande anleggsveg, om lag 200 meter nedanfor dagens Bjørndalen kraftstasjon. Estimert årleg energiutbytte er på 13,1 GWh.

Insteelvane kraftverk fekk konsesjonsfritak i 2015, men sidan utbygginga ikkje blei realisert innan fristen, er vedtaket gått ut på dato. Den nye førespurnaden er basert nesten same utbyggingsplanar. Større slukeevne gjer at det skal etablerast dukka inntak, men dette endrar ikkje sjølve inntaksdammen i høve til utbyggingsplanane i 2015.

Sidan alt vatnet i dag blir overført i tunnel frå inntaket og til Bjørndalsvatnet, vil utbygginga ikkje endra vassføringstilhøva nedstraums inntaket. Flaumar over dammen i Bjørndalsvatnet vil bli redusert, fordi driftsvassføringa til Insteelvane kraftverk (5,8 m³/s) ikkje vil gå til Bjørndalsvatnet.

Vår vurdering

Opprusting/utviding av eksisterande reguleringar kan vere viktige bidrag til å nå nasjonale mål om energiutbygging. Ei konsesjonspliktvrdering inneber ei enkel førehandsvurdering av om ei utbygging kan vere til nemneverdig skade eller ulempe for allmenne interesser, slik at tiltaket må konsesjonshandsamast.

E-postadresse:
sfvlpost@statsforvalteren.no
Sikker melding:
www.statsforvalteren.no/melding

Postadresse:
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse:
Njøsavegen 2, Leikanger
Solheimsgaten 13, Bergen
Fjellvegen 11, Førde

Telefon: 57 64 30 00
www.statsforvalteren.no/vl
Org.nr. 974 760 665



Utbygginga er i stor grad basert etablerte anlegg, eller vil kome i nær tilknytning til eksisterande inngrep. Det skal byggjast ny inntaksdam i Insteelvane, etter planen som fekk konsesjonsfritak i 2015, og på same stad som den eksisterande. Den nye dammen vil doble det vassdekte arealet. Vassvegen vil gå i eksisterande tunnel fram til røygata, som hovudsakleg vil gå i grøft på eksisterande anleggsveg fram til den nye kraftstasjonen, som vil kome nær vegen.

Området har svært store landskaps- og friluftsverdiar, særleg gjeld dette Ålfotbreen landskapsvernområde med innfallsportar. Turruter inn i landskapsvernområdet frå Ålfoten-sida startar frå anleggsvegar eller går gjennom område prega av vasskraftutbygging. Den nye inntaksdammen, som vil erstatte den gamle, ligg godt utanfor vernegrensa, og vedtaket om konsesjonsfritak i 2015 la til grunn at det heller ikkje var synleg frå landskapsvernområdet.

Ei merka turrute til Gjegnen (sjå [Ut.no](https://www.ut.no)), som ligg inne i landskapsvernområdet, startar ved anleggsvegen litt nedanfor planlagt kraftstasjonstomt, og går eit parti i fjellsida sør for inntaket. Vi er usikre på om dei nye inngrepa ved inntaket, altså ein noko større dam og noko meir oppdemming, vil liggje i synslinje frå delar av stien. Dersom det er tilfelle, reknar vi likevel med at avstanden vil gjere at endringane ved inntaket ikkje vil bli oppfatta som vesentlege.

Vår vurdering er, basert på det som er nemnt ovanfor, at dette O/U-prosjektet bør kunne gjennomførast utan større ulemper for allmenne interesser.

Vi legg til grunn at Insteelvane kraftverk, dersom tiltaket får konsesjonsfritak, blir underlagt vilkår i gjeldande reguleringskonsesjon, slik at kraftverket vil inngå i ein eventuell revisjon av reguleringskonsesjonen.

Med helsing

Joachim Holmøyvik
seniorrådgjevar

Eyvin Søltnæs
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Vestland fylkeskommune
Bremanger kommune
Gloppen kommune

Postboks 7900
Postboks 104
Grandavegen 9

5020	BERGEN
6721	SVELGEN
6823	SANDANE